

HØYANGER KOMMUNE

LOKAL FORSKRIFT FOR VA GEBYR



28. MAI 2025

FORSKRIFT OM VASS OG AVLØPSGEBYR I HØYANGER KOMMUNANE

Vedteke i Høyanger kommunestyre den med heimel i § 3 i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 1. juli 2012, forskrift om begrensing av forurensingar av 1. juli 2004 med seinare endringar og Forskrift om krav til vannmålere av 1 januar 2008 med seinare endringar.

§ 1 Verkeområdet

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent i § 2, og den fastset utrekningssmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

§ 2 Definisjonar

§ 2.1 Definisjon av aktuelle omgrep

I denne forskrifta tyder:

- a. *Abonnent*: eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunen sine vass- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. I burettslag er burettslaget abonnent. I eigarseksjonssameige er kvar eigarseksjon abonnent.
- b). *Festeigedommar*: Festar av eigedom skal stå som abonnent når gjenståande festetid då gebyrplikta oppstod var 30 år eller meir, eller festar har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid vil kunne bli 30 år eller meir frå gebyrplikta oppstod.
- c. *Eigedom*: fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Ein seksjon som er etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, blir rekna som ein sjølvstendig eigedom.
- d. *Abonnement*: avtale mellom abonnent og kommunen om vass- og avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesledning blir rekna som abonnement.
- e. *Sanitærinstallasjonar*: abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor huset sine ytterveggar som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.
- f. *Privat vass- og avløpsanlegg*: abonnenteigde private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor huset sine ytterveggar som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- g. *Avløpsvatn*: både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- h. *Bygg/bygning*: konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer i matrikkelen.
- i. *Brukseining*: bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontor, verkstad og lager.
- j. *Bueining*: brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen.
- k. *Bustad/bustadeigedom*: eigedom med bygg som blir brukt til bustadføremål. Bygningstype 111–163 etter NS-3457.
- l. *Fritidsbustad*: bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161–163 etter NS-3457.
- m. *Kombinasjonseigedom*: eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad t.d. næringseigedommar. Eigedom med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk blir og klassifisert som kombinasjonseigedom.
- n. *Næringseigedom*: eigedom som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål blir rekna som næringsbygg.
- o. *Bruksareal (BRA)*: bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og utrekna med utgangspunkt i NS-3940. Garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust blir ikkje rekna med i bruksarealet for bustad og kombinasjonseigedom. Bygningstype 181–183 etter NS-3457.
- p. *Symjebasseng*: Som symjebasseng reknast ikkje inn- og utvendige boblebad, badestampar og liknande med mindre fyllevolum enn 4 kubikkmeter vatn.
- q. *Gebyrregulativet*: Dette er den gjeldande prisoversikten for vass og avløpsgebyr i kommunen. Satsane blir kvart år oppdaterte gjennom vedtak i kommunestyret.

§ 3 Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr
- Gebyr for leige av vassmålar
- Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar
- Gebyr for stenging og påsetting av vassforsyning/ plombering.
- Gebyr for mellombels tilknytning

§ 4 Tilknytingsgebyr

Abonnentar må betale gebyr for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg i desse tilfella:

- a. ny tilknytning av eigedom
- b. tilknytning av eksisterande eigedom eller eigedom som kommunen krev tilknytt
- c. eksisterande eigedom med tilknytning som ikkje er godkjend
- d. anna permanent tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, f.eks. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg mv.

Det blir gitt fritak for gebyr for mellombels tilknytning inntil 1 år.

Tilknytingsgebyret har same storleik for alle abonnentar og skal betalast pr. eining slik dette er definert i § 2.

Dersom kommunen overtek private vass- og/eller avløpsanlegg, skal kommunestyret i kvart enkelt tilfelle avgjere om abonnenten skal betale eingongsgebyr for tilknytning og/eller anleggsbidrag.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

§ 5 Årsgebyr

§5.1 Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for eigedomar som:

- a) er tilknytte kommunalt vass- eller avløpsanlegg
- b) har fått pålegg om tilknytning i medhald av lov, og fristen for tilknytning er utgått

Kommunen reknar eigedomen som gebyrs pliktig frå datoen då tilknytning er godkjent. Gebyrplikta er uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost, eller om det er innlagt vatn

§5.2 Fast og variabel del av årsgebyret

Årsgebyret for både vass- og avløpsstenester skal betalast pr eining slik dette er definert i § 2.

Gebyret er samansett av to delar:

- fastledd (abonnementsgebyr)
- variabelt ledd (forbruksgebyr)

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigdommen er tilknytt kommunalt leidningsnett.

Fordelinga mellom abonnementsgebyr og forbruksgebyr i % av sjølvkostgrunnlaget på VA sektoren til kommunen blir fastsett kvart år i gebyrregulativet.

§5.3 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret blir differensiert etter brukarkategori.

Abonnementsgebyr for bueiningar og fritidseiningar gjeld for bustad- og fritidshus, og skal betalast pr. eining, jf. definisjonen av eining i § 2.

Abonnementsgebyr for næringseiningar skal betalast for næringseigedomar, offentlege verksemdar og næringsdel på kombinasjonsbygg. Gebyret blir fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksleidning slik dette går fram av tabellen under.

Dimensjon på leidning i mm	Gebyrstorleik N x abonnementsgebyr for bueining/fritidseining
≤ 32	N = 1
40	N = 2
63	N = 4
75	N = 6
> 75	N = 10

For kombinasjonsbygg må det takast omsyn til kor stor del av forbruket som går til bustader.

§5.4 Forbruksgebyr

Abonnentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i m³. Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret skal fastsettast ut frå målt forbruk. Kommunen gir ikkje nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

Hovudregelen ved utrekning av forbruksgebyr er at avløpsmengda er lik vassmengda. Unntak frå dette står i § 6.

For eigedom der kommunen har kravd vassmålar, men dette ikkje er installert, blir det rekna ut eit stipulert forbruk med utgangspunkt i det totale bruksarealet og bruken til eigedomen

§5.5 Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk skal betalast for alle abonnentar.

For bustader/fritidsbustader, tilknytt offentleg leidningsnett før iverksetjing av denne forskrifta, og med areal under 350 m², kan forbruket stipulerast etter reglane i § 5.6

For mellombelse tilknytingar kan kommunen fråvike kravet om vassmålar dersom vassmengda kan fastsettast på andre måtar. Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar, kan kommunen fastsette eit stipulert forbruk

§5.6 Betaling etter stipulert forbruk

Bustader og fritidsbustader som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk.

Følgjande bruksareal og vassforbruk skal leggjast til grunn:

Omrekningsfaktor for stipulert forbruk er sett til 1,7 m³/m² for bustader og 0,65 m³/m² for fritidshus.

Bruksareal (m ²)	Grunnlag for utrekning (m ²)	Stipulert forbruk (m ³)	Stipulert forbruk (m ³)
		Bustadeiningar	Fritidseiningar
< 80	76	130	65
80 - 350	118	200	100

Alle bustader/ fritidsbustader med areal over 350 m², skal ha installert vassmålar.

Næringseiningar (Næringseigedommar og offentlege verksemdar) betaler forbruksgebyr etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³. Forbruket blir målt med installert vassmålar.

§6 Frådrag eller tillegg i årsgebyret

Restriksjonar på vassforbruket, avbrot i vassleveransen eller i mottak av avløpsvatn gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Fråflytting eller fråvære gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra. Dersom bustaden/bygget på eigedomen er fjerna eller ikkje kan brukast på grunn av øydelegging, må abonnenten betale årsgebyr inntil stikkleidninga er fråkopla (plugga) eventuelt plombert.

For bygg som ikkje er i bruk, kan abonnenten søke kommunen om å få fritak for årsgebyret når eigedomen fysisk blir fråkopla frå kommunalt leidningsnett.

Ny tilknytning av eigedomen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Både arbeidet med fråkopling og (eventuell) ny tilknytning/påsetting til kommunalt nett blir utført for abonnenten sin kostnad og etter kommunen si tilvising , sjå § 3.

For eigedom som ikkje blir brukt som bustad, og der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan avløpsgebyret bli rekna ut frå målt avløpsmengde, eller bli fastsett etter særskild avtale med kommunen.

For eigedom der samansettinga av avløpsvatnet avvik frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sine avløpsanlegg, kan kommunen fastsette eit tillegg til avløpsgebyret for å dekke meirkostnadene. I slike tilfelle inngår kommunen og abonnenten ein separat avtale.

§ 7. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

I medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag har abonnenten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil på eller mangel ved vassforsyninga.

Abonnenten har rett til redusert forbruksgebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar.

Vilkåret for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell tilråding om koking som tryggleikstiltak etter trykkfall som følge av reparasjon, spyling, brannsløkking mv. gir ikkje gebyrreduksjon.

Abonnenten må fremme krav om redusert gebyr innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Sats for gebyrreduksjon blir fastsett i gebyrregulativet.

§8 Pålegg om utbetring

Dersom kommunen må sette i verk tiltak fordi ein abonnent har unnlate å etterkomme pålegg om å utbetre lekkasjar på eigedomen sin vassleidning eller manglar ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr, kan kommunen krevje å få dekt alle kostnader som har direkte samanheng med tiltaket.

Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring. Ein abonnent som unnlèt å etterkomme pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining, kan få krav om tvangsmulkt etter forureiningslova § 73

§9 Føresegner for installasjon og bruk av vassmålar

§9.1 Målartypar

Føresegnene for vassmålarar gjeld på same måte for eventuelle avløpsmålarar. Føresegnene gjeld for vass-/avløpsmålarar med fjernavlesing så langt dei passar

§9.2 Installasjon

Kommunen bestemmer kor mange vassmålarar kvar enkelt eigedom skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmålararen.

Kommunen skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald samt eventuell flytting, utskifting eller fjerning av målararen.

Dersom eksisterande eigendom med vassmålar blir oppdelt i nye eigedommar, skal kvar av dei nye eigedommane ha eigen vassmålar.

Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålar viss det vil vere særleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyret blir då fordelt på abonnentane etter reglane i § 10, andre ledd.

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal vere installert seinast når det blir gjeve mellombels bruksløyve eller eigedommen blir teke i bruk, og for eksisterande eigedom når han blir tilknytt. Dersom dette ikkje blir gjort, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 5-6.

For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles kommunen sine tekniske føresegner.

§9.3 Eigartilhøve og kostnader

Ved installasjon av ny vassmålar skal kommunen stå som eigar av denne. Installasjonskostnader skal dekkast av abonnenten. For innkjøp og vedlikehald av vassmålararen skal det betalast ei årleg leige. Pris for leige av vassmålar går fram av gebyrregulativet.

Blir ein vassmålar borte eller skada, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen tek atterhald om rett til å krevje full erstatning for tap eller skade.

§9.4 Avlesing av vassmålar

Abonnenten skal lese av vassmålaren så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Tidspunkt for avlesing blir fastsett i gebyrregulativet.

Dersom ikkje abonnenten les av vassmålaren, kan kommunen etter purring fastsette årsgebyret etter skjønn. Kommunen kan dessutan sjølv sette i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og krevje særskilt gebyr for dette. Betalingssatsen går av gebyrregulativet.

§9.5 Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal halde vassmålaren lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Abonnenten skal føre tilsyn med vassmålaren. Abonnenten er også ansvarleg for å følge med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil blir oppdaga snarast mogleg. Blir ein vassmålar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Broten plombering av vassmålaren blir også rekna som skade. Kommunen kan krevje erstatning for skader abonnenten har påført kommunale anlegg, inkludert vassmålaren, i samsvar til dei allmenne reglane om skadeerstatning.

Kommunen kan føre tilsyn med vassmålaren. Kontrolløren frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

§9.6 Avrekning ved feilmåling

Dersom vassmålaren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt årsgebyr som følge av feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga skal reknast frå det tidspunkt feilen blir anslege å ha oppstått. Krav som er forelda etter foreldingslova, blir ikkje dekkja.

Viser vassmålaren meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

§9.7 Nøyaktigheitskontroll

Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av vassmålaren. Dersom kontrollresultatet ligg utanfor feilmarginen etter § 9-6, blir det utført ei justering, eventuelt utskifting av vassmålaren, utan utgifter for abonnenten.

Dersom abonnenten har kravd nøyaktigheitskontroll og det ikkje blir påvist feil utanfor feilmargin, må abonnenten betale kostnadene med kontrollen.

§9.8 Utskifting og flytting

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer kommunen om vassmålaren skal justerast eller skiftast ut. Når vanleg levetid for ein vassmålar er nådd, kan kommunen bestemme at vassmålaren skal skiftast ut heilt eller delvis. Utskifting av vassmålaren skjer utan kostnader for abonnenten.

Kommunen kan krevje flytting av vassmålar som er plassert i strid med kommunen sitt krav til plassering. Abonnenten må koste slik flytting.

§10 Innbetaling av gebyr – opplysningar om abonnementet

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Abonnentar som samarbeider om felles vass- eller avløpsmålar, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter eigarseksjonslova, er kvar abonnent ansvarleg for ein del av gebyret i samsvar med sin eigarpart, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameigets vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

Kommunen fakturerer gebyret etter gjeldande sats når tilkopling er godkjent. For eksisterande bygg med tilknyting som ikkje er godkjend, skal abonnenten betale tilknytingsgebyr etter den satsen som gjeld når kommunen set fram kravet. Eingongsgebyr for tilknyting må vere innbetalt før tilknyting skjer.

Årsgebyr blir kravd inn saman med andre kommunale gebyr. Ved bruk av vassmålar blir forbruksgebyret å betale à konto basert på forbruket året før. Målaravlesing skjer ein gong i året, og avrekning vil skje i 1. termin året etter.

Andre gebyr jf. §3 blir fakturerte særskilt.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à kontobeløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring finn stad.

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementsforholdet. Inntil kommunen har fått melding og oppdaterte abonnementsdata frå matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

§11 Innkrevjing av gebyr

Krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigdommen etter pantelova sin § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§12 Vedtaksmynde

Vedtak etter denne forskrifta blir gjort av kommunedirektør

§13 Sakshandsaming/Klage

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildvedtak, følgjer bestemmelsane i kap. IV-VI i forvaltningslova. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal sendast til kommunedirektøren, og fristen til å klage er 3 veker. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.

Storleik på gebyra (*gebyrregulativet*) blir fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. kap. VII i Forvaltningslova.

§ 14 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2026